



Hallvard Rød saman med Kjell Einar Thorkildsen ynskjer alle velkomne til Bøkkerverkstaden i morgon, laurdag, frå kl. 17.

Alt er klart for Bøkkerfestivalen på Rød i morgon, laurdag 17. august. Kjell Einar Thorkildsen og Hallvard Rød er arrangørar og fleire artistar innan generen vise, visepop og country er booka inn. Det er enno nokre ledige billetter Ta kontakt med Hallvard Rød på mobil: 91 83 40 15.

Etter 25 år med Bøkkerveldar i sjøbua med jazz og lubbesild er det no tid for ei fornying. Arrangøren ynskjer å skapa ein spesiell kveld der ein legg til rettes for ei fin musikkoppleving i ei ramme med kystmiljø, tønner og fiskeutstyr. Med bakgrunn i at det meldt mykje regn er det gjort nokre endringar i programmet på dagtid.

Kveldsarrangementet går etter oppsett plan. Det er ambulerande skjenkeløyve og sal av mat.

- Dørene opnar kl. 17
- Velkomst kl. 18 med mellom anna framføring av diktet Jens Bøkkar, skrive av Olaf Agnar Gausvik
- Kjell Einar Thorkildsen les eigne dikt
- Renate Haugs syng og spelar - country
- Åsmund Nesse er visesongar frå Bømlø. Han syng visepop på bømlodialekt
- Jarle Zimmerman: Muskar frå Bergen. Han har vore medlem i band som Flying Norwegians og Background (frå Husnes). Zimmermann syng alt frå Bob Dyland til Rolling Stones.

Billettane er selde på førehand, men som sagt: Det er nokre leidge plassar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal